

Samisk og kvensk opposisjon i Alta på 1700-talet *

Jørn Øyrehagen Sunde
Universitetet i Tromsø

Befolkningssamansetjinga i Alta

*"Anno 1753 d 25 Junii holdtes Ting i Alta. Retten præsiderede Kongl. Majestets høybetroede Amtmand Matthias Collett, i Overnærverelse af constituerede Foged Seigneur Truels Krog og mig constitueret Sorenskriver John Bøtzow. Biesidder i Retten var 8de eedsvorne Laugrettes Mænd: Henric Knudsen, Jens Rasmusen, Johan Andersen, Hans Michelsen, Povel Pedersen, Simon Simonsen, Morten Povelsen, Morten Mortensen."*²

Slik byrjar sorenskrivaren referatet frå det alminnelige tinget for Alta i 1753. Deretter presenterer sorenskrivaren skattemanntalet for Alta, der innbyggjarane er plassert i kategoriane "Nordmænd" og "Finner". Men i motsetnad til dei fleste skattemanntal i tingbøkene for Finnmark, er kategorien "Finner" ikkje det same som *dei andre*, men konkretisert til kvenar og samar. Dette var ikkje

den vanlege inndelinga i skattemanntala i tingbøkene for Finnmark på 1700-talet.³ Ut av skattemanntalet frå 1753 kan ein dermed lesa befolkningssamansetjinga i Alta på midten av 1700-talet, då det budde 36 skattebetalande nordmenn der, 26 kvenar, og 125 samar.⁴ Det vil seia at mannlege nordmenn i Alta utgjorde 19 % av dei med eige hushald, kvenane om lag 14 % av dei samla skattemennene, og samane heile 67 %. Det var samane som var dei fyrste innvandrarane til Alta, og så seint som på 1500-talet var dei så godt som den einaste folkegruppa med tilhald i Altafjorden. Hundreåret etter byrja for alvor den norske innvandringa. Nordmennene busette seg fyrst lengst ute i fjorden, og litt etter litt lengre inne. På 1700-talet vandra enno ei ny folkegruppe inn til Alta; dei finsktalande kvenane som reiste frå feilslåtte avlingar og russiske krigsherjningar på den svenske sida av gren-

* Skriftstykket er skriva i samband med eit føredrag eg haldt på Statsarkivet i Tromsø under "Arkivenes dag" 09.11.02. Eg skuldar Gunnar Eriksen, Solbjørg Ellingsen Fossheim, Dag Michalsen og Yngve Nedrebø ei stor takk for å ha lese gjennom og kommentert manuskriptet, og Helge Guttormsen og Einar Niemi for å ha diskutert tema med meg. Ei stor takk skal òg dei tilsette ved Statsarkivet i Tromsø ha for den endelausa velviljen dei har vist mot meg som lesesalgjest.

2 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755, fs. 295a.

3 Sjølv i "Sorenskriver Hans Paus's Indberetning av 1769 om Finnmarkens økonomiske tilstand med forslag om dens forbedring" rommar kategorien "Finner" både kvenar og samar når Paus presenterer innbyggjartalet i amtet, og det til trass for at "Finner" elles i dette skriftstykket bare refererer seg til samar; Paus (1908) s. 7.

4 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755 fs. 295a-296b.

sa, særleg i dei fyrste tiåra av 1700-talet.⁵ I motsetnad til nordmennene innvandra kvenane ned gjennom Altadalen, og busette seg straks der, og lengst inne i fjorden ved elvemunninga. Alt frå byrjinga vart dei skattemessig registrert i same gruppe som samane, sjølv om dei individuelt gjerne vart referert til som "Qvæn" når dei på tinget gjorde seg gjeldande som saksøkjar, saksøkt, eller vitne.⁶

Det var ikkje bare i skattemanntal at samar og kvenar, dei fyrste og siste innvandrarane til Alta, vart kategorisert som ei og same folkegruppa. Dersom ein vender tilbake til innleiinga på dette skriftstykket og ser på dei som sat i lagretten på tinget i Alta i 1753, så er det bare to folkegrupper som er representert: Dei fire fyrst lagrettemennene på tinget i 1753, Henric Knudsen, Jens Rasmusen, Johan Andersen og Hans Michelsen, var alle kategorisert i skattemanntalet som nordmenn, medan dei fire neste, Povel Pedersen, Simon Simonsen, Morten Povelisen og Morten Mortensen alle var nemnt som samar.⁷ Og dette var regelen på 1700-talet: Norske innbyggjarar utgjorde halve lagretten, medan dei resterande lagrettemennene hørte heime i samlekategorien "Finner". Dette gjorde ikkje bare at nordmenn vart forfordelt i høve til den prosentdelen dei representerte av innbyggjarane i Alta, men at kvenane knappast vart representert, sidan dei var ei så lita folkegruppe i høve til samane.⁸ Dermed var ikkje oppdelinga av befolkninga i Alta i nordmenn og "Finner"

bare eit skrivebordsordning, men ei ordning med praktiske konsekvensar.

Major Peter Schnitler fann under sitt opphald i Finnmark at samar og kvenar "siunes eet Folk at være", og skriv i volum 7 av hans grenseeksaminasjon frå 1744: "Naar Folk fra Stor-Finland, for Krigens eller andre Fataliteters Skyld, til Norsk Finmarken overfløtte, holde de sig ikke til Nordmænd (...) men alleene til Finnerne".⁹ Schnitler handsamar dermed kvenar og samar, som dei fleste på hans samtid, formelt og reelt som ei folkegruppe. Mot dette protesterer amtmann Rasmus Kiildsen heftig i hans "'Censur" over major Peter Schnitlers Grændse Examination 7de Volum kaldet Findmarks Beskrivelse" frå 1747:

"Ingenlunde Conformere bemlt. Qvæner sig med finderne; (a) Samme Qvæner taler iche det Lappiske Sprog, undtagen naar de til deres fordel søger Findernes Selskab: Men i stædet, at Finderne ere villige til, endog at tale det Norske, viser Qvænerne sig aldeles uvillige til enten selv at lære det, eller lade deres ungdom derudj undervise ". (...) (b) Qvænerne Conferere og stedse deres egen Klæde-dragt, ulig Findernes, men mer Lignende Svenske Bønders Dragt. (c) Udj Levemaade ligner Qvænerne iche heller Finderne (...) (d) Endog i Naturelle er største ulighed imellom Finder og Qvæner; Thj Finderne ere frygtsomme og ubehierrtede Folch, smaae, Lave, og af ringe Legiems Kræfter. Qvænerne derimod ere store, føre,

5 Sjø Nielsen (1990) s. 201-204. Sjø òg Henninen (1972) s. 14-37.

6 Ein kan vidare sjå at det òg budde danskar, islendingar, svenskar, russarar og nederlendarar i Alta. Sidan desse personane ikkje er registrert som skattepliktige, fører deira tilstadeveren ikkje til at ein må vidare problematisere skattemanntalskategoriane "Nordmænd" og "Finner".

7 Det kan vera at Simon Simonsen ikkje er same frå Rognsund, men derimot kvenen Simon Simonsen. Men det at han er nemnt saman med dei tre andre samane, som han òg er nemnt saman med i skattemanntalet, taler for at det er samene og ikkje kvenen Simon Simonsen det er tale om.

8 I til dømes perioden 1748-1755 er det bare i 1754 ein kan positivt seia at det sat kvenar i lagretten.

9 Schnitler (1985) s. 11.

stærche af Kræfter, modige, arrige, traadsige, stivsindige, og særdeles falske og utroe."¹⁰

Som ein skal sjå om litt i dette skriftstykket, kom konflikten mellom amtmann Rasmus Kielsen og kvenane i Alta til å verta avgjerande for amtmannen sin sorti frå Finnmark som ein slagen mann. Og sitatet ovanfor ber òg eit visst preg av amtmannen sin skepsis til denne siste innvandrargruppa i Alta. Men dette har ingen relevans i denne samanhengen: Samar og kvenar var to ulike folkegrupper. Min påstand, som eg vil freista å gjera truleg i det følgjande, er at dette er noko som vert reflektert i dei to folkegruppene sin måte å halda seg til amtsadministrasjonen på. Ut frå tingbokreferata frå tinget for Alta meiner eg å sjå at samar og kvenar på ulikt vis opponerte mot den lokale administrasjonen. Samisk opposisjon i Alta på 1700-talet er for det fyrste karakterisert av at dei ikkje ønskte, og difor ikkje oppsøkte konfliktsituasjonar. For det andre er den karakterisert av at samar enten let vera å rapportere hendingar og handlingar til amtmann, futen, sorenskrivar, prost og lensmenn, alle busett i Alta prestegjeld. Eller at dei, når hendinga eller handlinga likevel vart kjent, fortalte ei historie som retten oppfatta som løgn. I den augneblinken sceneteppet var trekt frå, og det retten rekna som saksfakta var kjent, så var regelen at samar samarbeidde, og slik representerte ein passiv opposisjon i augo på den lokale administrasjonen. Kvenane, både som gruppe og individ, opponerte i staden heller aktivt mot den lokale administrasjonen. Det vil for det fyrste seia at dei ikkje styrte unna konfliktsituasjonar, og at dei ikkje gav opp og let lagna-

den råda når slaget var tapt, men til det siste haldt fast på si rettsoppfatning. Dette var ikkje åleine eit administrativt problem, men representerte eit trugsmål mot den autoritet som kongelege embetsmenn og tenarar skulle og måtte ha for å skøyta sitt verv.

Dette skriftstykket er skriva med utgangspunkt i referat av tingforretningane på tinget i Alta, og det er ikkje gjort nokon freistnad på å halde konklusjonen dette materialet dannar grunnlaget for, saman med andre kjelder. Vidare er det ofte vanskeleg å identifisere personar som opptre på tinget som medlemmar av den eine eller den andre folkegruppa, og det er bare saker der den etnisk tilhørsle er klar og uomtvisteleg som er nytta som grunnlag for dette skriftstykket. Difor er det bare eit knippe, og ikkje alle ulydnadssaker som var oppe på tinget for Alta, som er handsama i det følgjande. Samla sett må det følgjande ikkje lesast som ei fullendt utgreiing om samisk og kvensk opposisjon i Alta på 1700-talet, men som eit innspel til ein vidare diskurs.

Til sist må det òg nemnast at tingbokreferata ikkje gjev eit spegelbilde av det som fann stad på tinget for Alta, men åleine gjev igjen det sorenskrivaren med- eller umedvite ønskte skulle kommuniserast av tingforretningane. Det er ikkje eitt og det same.

Rettsordninga i Finnmark

Før eg handsamar samisk og kvensk opposisjon i Alta på 1700-talet, vil eg gjera kort greie for rettsordninga i Finnmark i dette hundreåret. Både fordi det er den som dannar rammene for dei sakene som skal presenterast i det følgjande, og fordi den til dels skil seg frå den ordninga ein elles finn i

10 SATr: "En "Censur" av major Peter Schnitlers grenseesaminasjon 7. volum kalt "Finnmarkens beskrivelse" forfattet etter kongelig befaling av Rasmus Kielsen, Altagård", upaginert, men under merknad "fol.8" i margen på dokumentet. Dette skriftstykket inneheld enno fleire karakteristika av samar og kvenar, slik amtmann Kielsen såg det, og er vel verdt ein studie.

Noreg på 1700-talet.

Finnmark var det einaste amtet som ikkje var inndelt i fleire jurisdiksjonar. Dermed var det i heile amtet bare ein fut, som var påtalar i offentlege saker, og ein sorenskrivar, som leia retten, og var einedommar i alle saker som ikkje gjaldt liv, ære og fast eigedom. I tillegg til embetsmennene fut og sorenskrivar, var det i kvart prestegjeld ein rettstenar, som var lensmannen, i Finnmark gjerne kalla underfut. Dette var den normale ordninga i heile Noreg. Det som var spesielt for Finnmark var at her fann ein finnelensmenn ved sidan av den ordinære lensmannen, med ansvaret for dei samiske og kvenske innbyggjarar. Vidare hadde skysskaffaren i Finnmark ein funksjon ved sida av å organisere og gjennomføre tingreise i sommarmånadane; han eksekverte mildare kroppsstraffer. Det vil seia at det var skysskaffaren som sette delinkventar i gapestokken utanfor kyrkja, eller i halsjernet ute i fløande sjø, eller prylte dei med tau. Som meistermannen fekk skysskaffaren betalt for kvar gong han eksekverte ein dom, og skysskaffaren i Alta utførte jamleg slike oppgåver.

Det at heile amtet var ein jurisdiksjon, og at det bare vart halde ting i løpet av eit par sommarmånada r, gjorde det mogeleg for amtmannen å spela ei heilt sentral rolle i rettspleia i Finnmark. Saman med fut og sorenskrivar reiste han frå prestegjeld til prestegjeld og haldt ting. Rune Hagen refererer i artikkelen "Harmløs dissenter eller djevlesk trollmann" til korleis amtmann og sorenskrivaren konfererte før det vart avsagt dom i 1692.¹¹ Det er mykje mogeleg at dette var regelen og ikkje unnataket i Finnmark,

både i dette og det neste hundreåret, og at det verkelege unnataket var at vitnemål om slike konferansar vart skriftfest. Faktisk domsmakt utøvde amtmannen i Finnmark med heimel i reskript av 02.05.1776 gjennom å treffa avgjersler i mange av dei forhøyrssaker, som i realiteten var politirettssaker, som futen administrerte.

Amtmann, fut og sorenskrivar reiste med båt rundt i amtet, normalt frå sør til nord, frå mai til juli og haldt ting.¹² Som einaste amt i Noreg vart det bare halde sommaring. Elles i Noreg bestemte tingtavla at det skulle haldast både vår, sommar og haustting, med på grunn av veksande arbeidsmengd vart talet på tingmøte redusert til bare eit sommar- og eit haustting frå midten av 1700-talet. Normalordninga i Noreg var at desse tingmøta på landsbygda vart halde i kvart skipreide. Skipreida var grunneininga i leidangsordninga, og var opphavleg eit geografisk område der innbyggjarane i mellomalderen hadde plikt til å utruste eit skip som skulle stillast til kongen sin disposisjon om denne krov det. Skipreida var sjølvstendige administrative einingar, ved sida av til dømes prestegjeldet. Finnmark vart ikkje i mellomalderen delt opp i skipreide, og dermed vart det her prestegjeldet som åleine rådde grunnen som den lokale administrativ eininga. Rett nok heiter det i tingtavla av 1687 at det skal haldast "udi hvert Hovud-Væhr" i Finnmark, men i realiteten vart det halde ting i prestegjelda. I Alta vart tinget på andre halvdel av 1700-talet satt i lensmannen sitt hus i Talvig.

Til sist skal det nemnast at lagrettemenn etter Chrstian V's norske lov av 1687 (NL) 1-7-2 skulle plukkast ut kvart år etter

¹¹ Hagen (2002) s. 330.

¹² Då Kautokeino og Asjovara vart ein del av Noreg etter grensetraktaten av 1751, reiste amtmann, fut og sorenskrivar hit ein gong kvar år i februar og haldt ting. Men etter ei kort tid var praksis endra, slik at det var allmugen i desse tingkrinsane som i staden reiste til Alta, der dei nemnte embetsmennene haldt til.

"Bøjpgd-Mandtallene", som i praksis vil seia jordmatrikkelen. Jorda i Finnmark vart ikkje matrikulert før etter 1775, og dermed kunne ein ikkje følgja normalordninga for rettsordenen i dette tilfellet heller. (No skal det seiast at NL 1-7-2 normalt heller ikkje vart følgde andre stadar i Noreg).¹³ Det prinsippet ein kan detektere vart følgd i Alta ved utplukkinga av lagrettemenn som "Bisiddere" og "Meddoms-Mænd" på tinget, er, som alt sagt, at halvparten av lagrettemennene var nordmenn, og den andre halvparten "Finner".

Individuell opposisjon

Med individuell opposisjon meines handlingar på tvers av det som er ønskt av den lokale amtsadministrasjonen, eller medlemmer av denne. Det er ikkje tale om politisk eller moralsk motiverte handlingar, men handlingar der ein kan konstatere at den handlande freistar å sikre egne interesser på ein måte som gjer at han handlar i strid med det som han har plikt til, og at handlinga slik, sett frå amtsadministrasjonen sin ståstad, kan oppfattast som ein opposisjon som bør sanksjonerst for å halde vedlike respekten for administrasjonen, medlemmane av denne, og lov og orden.

Typisk i denne samanhengen er ei sak mot den samiske Niels Andersøn Bekkerfiord, som vart ført på tinget av misjonær og sokneprest Johan Falch i 1730. Niels Andersøn var skulda for å ikkje ha kome til forsamlingsgamma Skjertorsdag og Langfredag. Den instemna hevda fyrst at han ikkje var varsla om at det skulle vera gudsteneste. Han fekk tilbod om å sverja eid på dette, men fortalte då ei anna historie; han hadde i alle høve hadde vore i kyrkja i

Kvalsund på Palmesøndag, og der høyrte prestestemmen i Hammerfest preika. Men truleg hadde Falch høyrd orsakinga tidlegare og undersøkt om den stemte, for retten kunne straks seia at prestestemmen i Hammerfest ikkje hadde halde gudsteneste i Kvalsund Palmesøndag. Niels Andersøn vedstod då òg løgna med det same den var avslørt, og vart dømt til dei vanleg halvanna riksdalar for heilagbrøde.¹⁴ Men han vart ikkje dømt falsk forklaring etter NL 1-13-10. Når retten ikkje nytta dette høvet til å straffe ein tiltalt den meinte laug for å redde seg unna straff, så kan det vera fordi ein fann at slik opposisjon var uskuldig. Dette kan ein forklare med at den som innrømmer ei løgn, òg innrømmer at den som har avslørt løgna har rett. Slik underbyggjer freistnaden på å lyga på ein underleg måten retten sin autoritet; retten har rett, og får òg rett til slutt.

To år tidlegare var den evig tilbakevendande skurken i tingreferata for Alta på fyrste halvdel av 1700-talet, kvenen Knud Olsen, òg stemna for heilagbrøde etter NL 6-3-1. Knud Qvæn hadde ikkje kome i kyrkja på den store bededagen, og hevda sjølv at det ikkje hadde vore mogeleg å koma ned frå fjellet på grunn av dårleg vêr. Men han kunne ikkje føra vitne for påstaden sin. Deretter heiter det i tingbokreferatet: "Knud Qvæn blef tilspurt, om hand Vidste sig noget til befrielse i denne Sag, Svarede: Ja, og derpaa erlagde strax i Retten 1 Rdr. 3 mrk."¹⁵ I motsetnad til Niels Andersøn Bekkerfiord, gjer ikkje Knud Qvæn med dette noko straffbart. Men eg vil likevel kalla det opposisjon. For han gjev ikkje med handlinga til kjenne nokon anger, eller viser på nokon måte at han innser at han har handla galt og at retten har rett. Snarare kan ein tolka handlinga hans i denne saka slik at han gjev

¹³ Øyrehagen Sunde (1998) s. 55-63. Sjå òg Finne (1999).

¹⁴ SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1730-1731 fs. 21a-21b.

¹⁵ SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1726-1729, fs. 55b.

opp at retten vil akseptere hans påstand, men at han held fast på denne. Slik nekter Knud Qvæn med eigen aktivitet retten høve til å få rett.

Samekvinna Synneve Pedersdatter, "Niels Nielsøn Beckerfiords Kone", vart i 1735 òg tiltalt for ikkje å ha kome til kyrkjes. Men i tillegg var ho tiltalt for at når "hun begierete at gaae i Kierchen og Præsten forholdt hende sine halstarige onde gierning", som var at ho skulle vera skuld i sin eigen abort, "blef hun forbistret og slog døren igien efter sig".¹⁶ Retten tok ikkje stilling til denne handlinga, men nøydde seg med å døma Synneve Pedersdatter for heilagbrøde, for å vera skuld i sine eigen abort i 6 månad, og for å ha slege Ragnild Monsdatter, og kalt henne ei "Taske" på Heilage Tre Kongars Dag. Men saka viser likevel den sterkaste form for samisk opposisjon mot den geistlege administrasjonen i Alta, som ein kjenner frå rettsprotokollane. Men typisk nok er den karakterisert av at Synneve Pedersdatter går frå konfliktsituasjonen i det den oppstår.

Elechias Michelsen på den andre sida, oppsøkte konflikt; i 1791 vart han tiltalt av prostten Frimann for, i protest mot å få lutefisk til frukost, å ha gått inn i prostten si stove og sett lutefisken på bord hans. Slik hadde han vist vanvørndnad for prostten. Vidare hadde han nekta å hogga ved, og sagt til prostinna at ikkje 10 djevlar kunne få han til å gjera det, nekta å køyra vatn, ved sida av å drikka opp dei andre tenarane sitt øl, og så vidare. Ser ein bort frå scenen med lutefisken, og referansen til 10 djevlar, så vedstod Elechias Michelsen gjerningane utan å leggje for dagen nokon anger. Heller hevda han at han fekk for lite mat i prostten si teneste, og at lutefisk ikkje var mat. Retten la vekt på prostten si forklaring, og grunn gav

dette med at sidan lova slo fast at ein husbond skulle gje tenarane sine attest, hadde lovgjevar slått fast at ein husbond sitt ord stod til truande i ein slik samanheng. Det er underleg at retten tyr til slikt vinkelskriveri når vitnemåla i seg sjølv var tilstrekkeleg til domfelling. I alle høve fann retten at Elechias Michelsen hadde "vist sig som een vanartig, ulydig, oppsætig og efterladen Tiener", og "bør sit Exempel som alle andres Ligesindede Overløbere straffes med 20 Tamp paa enkelt Kledebaand af Mæstermanden" etter forordning 25.11.1735. Ikkje bare skulle han prylast med 20 slag med eit tau, men det var meistermannen som skulle eksekvere straffa, og ikkje skysskaffaren slik som var vanleg i Alta.¹⁷ Dermed understrekar retten alvoret i opposisjonen, gjennom å leggje til æreløyse, som følgde av all slik kontakt med meistermannen, som straff ved sida av pryl. Når det gjeld handlingar som kunne rokka ved amtmannen sin autoritet, var det ingen samar som gjekk lenger enn Finne Drengen Niels Andersen Rafsbotten, som i 1780 vart dømt for å ha stole eit lam og selt det til amtmannen.¹⁸ Og ein type opposisjon som ein ikkje finn døme på at samar gjorde, er bruk av fysisk makt mot medlemmar av den lokale administrasjonen. Dette er til dømes tilfelle i saka amtmann Gunnar Hammer førte mot kven og dreng Isaac Hendricsen i 1765. I vitnet, som òg var tenar hos amtmannen, forklarte i denne saka at tiltalte hadde svart nei på spørsmål om han hadde tredd lina, men så lavt at amtmannen ikkje hørde det. Deretter gjekk bare Isaac Hendricsen då amtmannen spurde på ny. Då amtmannen seinare ville pryla Isaac Hendricsen, som han oppfatta som ein ulydig og vrang tenar, med ein kjepp, noko han hadde rett til etter

16 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1735-1738, fs. 14b.

17 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1789-1802, fs. 58b-59b.

18 SATr: Forhandlingsprotokoll for futen i Finnmark 1778-1790 s. 65-67.

NL 6-5-5, tok denne tak i amtmannen og haldt han inntil veggen. Dette siste såg òg det 2. vitnet, som var gjest hos amtmannen. Men heile hendingsgangen var likevel ikkje opplyst for retten, sidan desse vitnemåla ikkje oppfylte lova sine krav om to fulle vitne etter NL 1-13-1. Retten fann likevel hendingsgangen bevist, og vidare at Isaac Hendricsen hadde brukt "adskillige gange stedsige og tradsige ord", utan grunnlag i vitnemåla, og dette gjekk inn i grunnlaget for å døma han til ½ års straffearbeid på Vardøhus festning.¹⁹ At delinkventen hadde falt på kne og bedt om nåde seinare same dagen som han hadde haldt amtmannen fast, var ikkje tilstrekkeleg til å gjenreise autoritet og respekt for den lokale administrasjonen, og for lov og orden slik den var stifta av den eineveldige kongen, etter ein slik aktiv og valdeleg opposisjon. Dette var nok òg orsaka til at Isaac Hendricsen var dømt på eit grunnlag som ikkje fullt ut tilfredsstilte lova sine krav.

Kollektiv opposisjon, fyrste del

I samband med individuell opposisjon er det meir naturleg å snakka om personlegdom enn om folkegruppetilhøyrse. For å kunne seia noko omtrekk ved ei folkegruppe sin opposisjon, må den individuelle opposisjonen difor ha parallellar med mønsteret for ein kollektiv opposisjon. Med kollektiv opposisjon meiner eg, på same viset som med individuell opposisjon, handlingar som er motivert av interesser som går på tvers av interessene til den lokale administrasjonen i Alta, og som er eigna til å svekka noko av denne sin autoritet dersom dei ikkje vert sanksjonert.

Ei særleg interessant sak i samband med samisk, kollektiv opposisjon, har ein frå

1764. "Finne Pigen Aled Nielsdatter" fødde dette året i dulsmål eit dødt barn, avla utanfor ekteskap. Dette var ein handling som automatisk vart rekna som drap etter NL 6-6-8. Det som skjedde var at eit fiskelag fann eit daudt spedbarn flytande ute på sjøen. Fyrst rodde dei bare inn til land utan å ta det med. Men deretter var det nokon i fiskelaget som rodde ut og tok barnet med inn på stranda. Heile samelandsbyen kom deretter og såg på barnet, før det vart lagt i ein skjå. Dagen etter var barnet borte. Og slik stod saka før ein person melde saka til prosten "nogen tid derefter". Han var òg den einaste i samelandsbyen som fortalte meir enn det retten kunne dra ut av han. Men gjennom vitnemåla finn ein altså ut at Aled Nielsdatter hadde gått gravid, utan at noko vil vedgå å ha sett det. Ho hadde fødd ståande mellom to menn, utan dei ville vedgå å ha merka det. I gamma der ho fødde ei natt, sov òg familien hennar, som heller ikkje kunne seia å ha lagt merke til noko verken før, under eller etter fødselen. Deretter kjem at funnet av barnelike, som truleg heile samelandsbyen har knytt til Aled Nielsdatter, ikkje vart rapportert til verken prost, lensmann, fut, sorenskrivar eller amtmann, som alle budde i nabolaget. Heller ikkje det at det barnelike forsvann vart nemnt til nokon med det fyrste.²⁰ Truleg står ein her ovanfor eit kollektivt ønskje om å teie med heile hendinga, sjølv om ein altså hadde med eit truleg drap å gjera, men der nokon til slutt braut den kollektive stilla, og det eg vil kalla ein passiv opposisjon mot sanksjonen av fødselar i dulsmål. Men ingen vart tiltalt for å ha teie med eit brotsverk dei må ha kjent til. Men så var det heller ikkje ein opposisjon som rokka ved den lokale administrasjonen sin autoritet, sidan alle i samanlandsbyen samarbeidde med retten straks saka

19 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1762-1768 s. 1220-1223, og s. 1359-1361.

20 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1762-1768 s. 1046-1055, og s. 1056-1057.

vart kjent. Retten fekk dermed rett. Den meste oppsiktsvekkjande kollektive opposisjonen på tinget for Alta, og som er inngåande handsama av Jens Petter Nielsen i bind 1 av "Altas historie", er den som førte til den alt nemnte amtmannen Rasmus Kieldsen sin tragiske sorti i 1750. Det heile byrja med at kvenen Knud Olsen, som er den same som i 1728 vart dømt for heilagbrøde, i 1747 reiste til København med eit klagebrev til kongen der han hevda at amtmannen la hindringar i vegen for fiske i Finnmark. Skuldingane var strengt tatt urette, men amtmann Rasmus Kieldsen var generelt ein taskespelar. Knud Qvæn hadde likevel truleg ikkje vorte høyrtdersom det ikkje var for at ein slektning av amtmannen underslo brevet, slik at Knud Olsen vart vandrane rundt i København i månadsvis utan å få møta kongen. Ved eit hell trefte han på Knud Leem, den tidlegare soknepresten i Alta, og den som hadde ført saka mot samekvinna Synneve Pedersdatter på tinget i 1735, som ordna med audiens. Resultatet vart at den utru tenar, som hadde underslått klagebrevet, tok sitt eige liv. Dermed fekk saka til Knud Qvæn eit langt meir dramatisk aspekt enn ei ordinær klagesak, og kongen sende brev til futen i Finnmark om at han skulle gjennomføre eit tingavhøyr i saka. Men amtmann Kieldsen kom futen i forkjøpet, og stemna sjølv Knud Qvæn til avhøyr i 1748 for å svara for skuldingane han hadde presentert for kongen. Men med futen til forsvarar, oppnemnt av kammerkollegiet, var det ikkje så lett for amtmannen å koma nokon veg med søksmål om falske skuldingar. På den andre sida makta Rasmus Kieldsen å trenere saksgongen, slik at tingforhøyret av han sjølv aldri kom til noko. Dette er bakgrunnen for den kollektive opposisjonen kvenane i Alta, som fyrst vart

mobilisert då Qvænen Henrich Olsen, som var far til den alt nemnte Issac Hendricsen som kom i konflikt med amtmann Gunnar Hammer i 1765, Knud Olsen Qvæn, sønene hans Ole og Knud Knudsen, Joseph Simensen, hans kone Kristen, Anders Oxhovet, Kirsten Iunthesdatter, Ulricha Johans datter, og Peder Andersen fieldfind vart stemna av amtmann Rasmus Kieldsen for å ha invitert den svenske handelskaren Ole Staalnack ned til Elvebakken i Alta, for å ha handla med han, for å ha "talt Haanligen om Grændse skiællet" mellom Danmark-Noreg og Sverige, og for å ha aktivt hindra arrest av den alt nemnte Ole Staalnack då amtmannen sine menn kom for å henta han. Eller sagt på ein annan måte: For på alle måtar å ha aktivt handla slik at ein konfrontasjon med amtmannen nærast vart uunngåeleg. For amtmann Kieldsen var nok saka ein freistnad på å visa kongen i København at kvenane generelt var ei folkegruppe ein ikkje kunne stole på, og dermed spesielt at Knud Qvæn sine skuldingar mot amtmannen var grunnlause. For kvenane var saka truleg eit middel til å visa sin motstand mot måten amtmann Kieldsen skøyte sitt embetet.

Fyrste "Extra Ting" vart halde i Talvig 02.03.1750, og alle dei ti ovanfor nemnte personane var stemna til å høyra vitnemål i ei saka. Det som er oppsiktsvekkjande er at fire av lagrettemennene ikkje møtte, heller ingen av dei instemna, og ikkje 21 av dei 40 vitna som var innkalla i saka.²¹ 01.04. same året vart neste ekstrating halde. Denne gongen møtte 19 vitne, 14 vitne hadde gyldig forfall, 11 møtte ikkje, medan kvenane Johannes Mathiesen, Johannes Johnsen, Ole Hendricsen, sammen Israel Samuelsen og Henrik Svendske gjekk ut av rettslokalet etter at retten var satt og vitneida opplest. Heller ikkje 9 av dei 10 instemna møtte, men

21 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755, fs. 147b-159b.

ein av desse hadde gyldig forfall.²² Dei 9 instemna, og dei 11 vitne som ikkje møtte, vart ilagt bøter for falssmål, som vil seia ugrunna fråvere ved innkalling til retten, på 5 riksdalar. Med unnatak av den alt nemnte saman Israel Samuelsen, Peder Andersen fieldfind og Henrik Svendske,²³ var alle dei som opponert gjennom fråvere kvenar, eller gift med kvenar.

På neste ekstrating møtte den av dei instemna som hadde gyldig forfall førre ekstrating, medan dei andre 9 ikkje kom. I tillegg til desse vart 18 personar, som var stemna som vitne, ilagt bøter for falssmål på 5 riksdalar. Med unnatak av den alt nemnte Israel Samuelsen, Henrich Svendske og Peder Andersen fieldfind, er det bare samem Torben Mortensen som ikkje er kven, eller gift med ein kven.²⁴ Ein kan merka seg at kvenen, og ¼ skattemannen Mathias Joensen møtte på tinget og sa at Joseph Simonsen hadde råda han frå å reisa, men at han ikkje hadde råd til å betala bota for falssmål, og difor møtte han.²⁵ Dette kan tyda på at det var kvenen Joseph Simonsen, som i 1755 er kalla "Hovedsmand for Altens Elv fiskerie",²⁶ som organiserte opposisjonen.²⁷ Ein kan elles merka seg at viljen til opposi-

sjon må generelt ha vore sterk, sidan mange av deltakarane var villige til å tåla ei samla bot på 10 riksdalar for å markere sin motvilje mot amtmannen og det tingforhøyret han ville gjennomføre.

På det ordinære tinget 06.07.1750 vart den kvenske strategien, som var total konfrontasjon, krona med siger. Denne gongen møtte alle dei 10 instemna og vitna i saka. Men i det retten vart satt, gjekk dei ut av tingstova. To lagrettemenn, finnelensmannen, skyskaffaren og prosten gjekk ut for å høyra kvifor dei ikkje ville koma inn i rettslokalet, og kunne fortelja at dei ikkje våga seg inn i tingstova på grunn av måten tidlegare vitne hadde vorte handsama på.²⁸ Boikotten var total, og amtmannen gav seg. Han viste saka vidare til kongen, men tok tingvitne på at han ikkje hadde brukt vald mot vitne. Same året mista amtmannen sin forstand, han vart avsett, og elskerinna hans måtte stå ope skrifte i kyrkja for deira utukt.²⁹ Alt var tapt. Kvenane vart aldri dømt for den ulovlege handelen med Ole Staalnack, og falsmålsbøtene retten hadde ilagt dei motvillige vitne og instemna i saka vart aldri kravd inn.³⁰

At den i all hovudsak kvenske opposisjonen

22 Op. cit. fs. 159b-177a.

23 Det kan leggjast til at Johan Svenske er oppført i skattemanntalet for 1762 som kven, og det er god grunn til òg å rekne Henrik Svendske medlem av den same folkegruppa; SATr: "Mandtal over Altens Menighed" 1762 (upaginert). Israel Samuelsen har eit typisk kvensk fornamn, men er derimot nemnt i både Skattemanntalet i 1753, og i ekstraskattemanntalet i 1762 som same: SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755 fs. 295b, og "Mandtal over Altens Menighed" 1762 (upaginert).

24 Det må leggjast til at det har ikkje vore mogeleg å identifisere den etniske bakgrunnen til dei to kvinne Magrethe afgl. Anders Mathiesens og Kari afgl. Morten Jacobsens, som måtte betala bøter for falssmål.

25 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755, fs. 178b-181a.

26 O. cit. fs. 370b.

27 Knud Qvæn var ein person som jamleg var i rettsleg klammeri med dei andre kvenane, og trass i den status han må ha fått etter møtet med kongen, er det ikkje truleg at han hadde tilstrekkeleg autoritet og tiltru til at han kunne organisere, og halde vedlike ein slik kraftfull opposisjon.

28 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755, fs. 197b-198a.

29 Nielsen (1990) s. 264-267. Sjå òg Henninen (1972) s. 89-99.

30 RA: Futerekneskap for Finnmark 1750-51, vedlegg nr. 85 for 1750, og vedlegg nr. 83 for 1751.

mot amtmann Kielsen lukkast, skuldast ikkje minst at Kielsen sjølv hadde stelt seg slik at han ikkje lenger nytte noko tiltru eller respekt, og dermed ikkje hadde full støtte av sin eigen administrasjon; truleg var det soknepresten i Alta som hadde skrive brevet Knud Qvæn hadde med til København, og futen Gøren Wedge freista å få gjennomført eit tingforhøyr om amtmann Kielsen si framferd i embetet, og forsvarte Knud Qvæn, med stor iver frå 1748 til 1750. I tillegg vart ei sak amtmannen Kielsen førte mot skogfut Henrich Hansen i 1746, svært øydeleggjande for han. Skogfuten skulle ha sagt at Rasmus Kielsen hadde bytt det nye sagbladet med eit gamalt då amtmannen si sag i Porselva vart overtatt av kongen i 1745. Amtmannen ført to vitne på at den knekte tanna i sagbladet alltid hadde vore der. Skogfuten sine tre vitne, som alle var tilsett hos amtmannen, stadfesta dette, og Henrich Hansen vart dermed dømt for ærekrenking til å bøta 3 marks bota, som var ærerøvande, og 30 riksdalar, subsidiære pisking og å bera stein av byen dersom han ikkje hadde noko å betala med.³¹ Like etter gjekk det fyrste av vitna til Henrich Hansen hen og hengde seg. Det andre av vitna hans, Knud Johansen, freista deretter å drukna seg. Han overlevde, og i 1748 stod han ope skrifte i kyrkja i Hammerfest og vedstod å ha vitna falsk i saka. På tinget for Hammerfest same året vart han dømt til å mista to fingrar og heile sin eigedom for å ha avlagt falsk forklaring. Han vart 12.06.1750 frikjent av lagmannen i Steigen fordi amtmannen hadde truga han med pisking til å vitna som han gjorde.³² Dermed vart framferda mot dei som vart avhøyrte, som kvenane på tinget i 1750 hevda var årsaka til at dei ikkje ville møte i retten, eit argument som

rettferdiggjorde deira opposisjon gjennom konfrontasjon.

Kollektiv opposisjon, andre del

Den konfrontasjonen som kvenane i 1750 valde som strategi for sin opposisjon, kan setjast i perspektiv med å visa til ei annan sak som vart ført på det ordinære tinget i Alta det same året, der nordmenn og samar valde ein annan framgangsmåte, òg med eit svært vellukka resultat. Denne gongen førde amtmann Kielsen sak mot Niels Andersen Elvebaken, igjen ein kven, for å ha hevda at amtmannen drog ut saka futen førde mot han på kongen sine vegner. Av dei 8 vitna som vart ført, kan 4 identifiserast som nordmenn, og 4 som samar. Det dei hadde til felles var at dei møtte på tinget, avla eid på at dei skulle fortelje sanninga, og deretter sa at dei kunne hugsa at tiltalte var i rettslokalet, at han gjekk ut av det, og at amtmannen sa noko. Men kva som var sagt, hugsa ingen av dei. Det fyrste vitnet uttrykte det slik: "ieg erindrer Ret intet og lidet kand høre".³³ Dermed fall saka bort.

Neste gong ein ser spor etter ein storstilt kollektiv opposisjon i Alta, er i futen sin Forhandlingsprotokoll i 1782. Dette året var ei rad personar, nordmenn, kvenar og samar, alle kalla inn til forhøyr "udi Lensmand Rasmus Andersens Huus i Talvig", for å svara og vitna om handel med Nordlandsfararar og med Nordland i strid med dei kongelege handelsprivilegia i Finnmark. Dei som var kalla inn til forhøyr vedstod gjerne å ha vore i ærend i Nordland, eller til Hammerfest prestegjeld der ein Nordlandsfarar hadde hatt tilhald, og til og med å ha selt nok fisk for å kjøpa litt tobakk. Men nokon større handel med fisk nekta dei

31 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1739-1747 fs. 217b-219b.

32 Nielsen (1990) s. 235-236, og s. 263. Sjå òg Henninen (1972) s. 86-89.

33 SATr: Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755, fs. 196b-197b.

for. Den einaste som rota det til for seg sjølv, og for andre, var kyrkjeverje Peder Evertsen. Han hadde saman med fleire andre lege med båten sin lasta med fisk i Hammerfest sokn, og vart henta heim av lensmannen som mistenkte dei for å vilja selja fisken til Nordlandsfararar. Peder Evertsen innrømte å ha selt noko fisk, å ha gjeve prosten 1 vog fisk som kompensasjon for det tapet kyrkja leid når fisk vart selt utanfor amtet, og klaga over at han var skulda for slik ulovleg handel, når det var så mange andre som tente godt på det. Men trass i at det var ein som ikkje makta å teia stilt, gjorde alle dei andre det, og ingen vart dømt i saka. Lensmannen klaga seg over at "der er udsagt imellem Almuen de hardeste Trudsler imod ham om han er angiver for ulovlig Handel".³⁴ Dette kan tyda på at det verkeleg var tale om ein kollektiv opposisjon. Men mønsteret den følgde var det same som det nordmenn og samar nytta på tinget i 1750, og ikkje den totalkonfrontasjonen som prega den kvenske opposisjonen på tinget det same året.

Det som er felles for den opposisjonen som er nemnt ovanfor, er at den gjev maksimalt utbytte med minimal risiko. Vidare er den prega av at den er fri for argumentasjon for eins eigentlege synspunkt, ein argumentasjon som til dels prega den individuelle, kvenske opposisjonen. Årsaka var at for å kunne argumentere måtte ein innrømme dei faktiske tilhøva, og dermed freista lukka ved at retten fann eins argument relevante og gyldige. Eit døme på dette har ein frå 1779, då amtmannen i Finnmark, Christen Heiberg, saksøkte alle innbyggjarane i Alte og på Elvebakken for den skade kyrne deira hadde gjort på enge-slåttane hans. Det hadde vore eit problem over lengre tid at innbyggjarane i Alta og på Elvebakken ikkje vakta kyrne sine, og amts-

administrasjonen hadde freista å få slutt på elende ved reskript av 01.07.1757, 19.06.1758 og 10.05.1779. I tillegg hadde amtmannen åtvare mot denne praksisen på kyrkjebakken tidlegare på året. Til saman var 60 menn stemna, og alle dei tre folkegruppene i Alta prestegjeld var representert mellom dei saksøkte. Med unnatak av 3 mann som var skysskarar for prosten, og ein som var sjuk, møtte alle i retten.

Motstaden mot påbodet om å vakta kyrne skjedde truleg gjennom konstant og stille trass, for ein finn ingen spor etter ein slik opposisjon i tingbøkene. Men å kollektivt halda tilbake opplysningar om dei faktiske tilhøva, som ville ha vore å forsette å opponere gjennom stille trass, var ikkje noko alternativ i denne saka. Årsaka var at mange av dei saksøkte hørde til eliten i Alta, og dermed til amtmannen sin eigen omgangskrins. I staden argumenterte dei for at amtmannen måtte visa til kven sine kyr som hadde gjort skaden, og at retten ikkje kunne gjera alle kollektivt ansvarlege. Dette var den korrekte måten å gå fram på for å oppnå same resultatet som om alle hadde møtte i retten, sagt at visst var det slik at kyr hadde beita på amtmannen sine engeslåttar, men kven sine kyr det var visst ingen. Gjennom å frifinne Anders Olsen Tollevigen godtok retten til dels argumentasjonen om at ingen kunne dømast utan å ha utvist skuld i samband med skaden, sidan han hadde gjetar til sine kyr. Men alle dei 59 andre instemna vart likevel dømt som solidarisk ansvarlege "en for alle og alle for een", sidan "det synes altsaa at være en fælles Modvillighed og Forsømmelse i henseende til Vogtningen". Den kollektive motviljen mot å vakta kyrne som var på beite, burde altså ikkje har vorte følgd opp av ein kollektiv motargumentasjon, men den strategi som samar ser ut til å ha nytta, og som var så vellukka både i 1750 og 1782.

34 SATr: Forhandlingsprotokoll for futen 1778-1790, s. 89-105.

Avsluttande refleksjon

Innleiingsvis påstod eg at samisk opposisjon var prega av passivitet, gjennom at samar i det lengste freista å halda saker borte frå tinget, og at dei valde samarbeidde med amtsadministrasjonen når alternativet var konfrontasjon. Slik fekk retten rett til slutt, og samisk opposisjon var ikkje noko trugsmål mot amtsadministrasjonen sin autoritet. Kvensk opposisjon, på den andre sida, var prega av aktivitet, og at dei nekta retten å få rett, og slik undergrov autoriteten til amtsadministrasjonen generelt, og retten spesielt. Denne påstanden har eg så ferista å gjera truleg med gjennomgangen av rettssaker ovanfor. Problemet med denne konklusjonen er at den byggjer under eit stereotypt bilete av samar og kvenar som ein framleis finn restar av i dag. Eg ser for meg at det kan vera tre løysingar på at eg har konkludert med den ein kunne forventa at eg ville finne etter ein slik gjennomgang:

For det fyrste kan det vera at den stereotypen som gjennomgangen ovanfor byggjer under, ikkje åleine er eit resultat av grunnlause fordommar; stereotyper har som oftast eit grunnlag. Rett nok kan grunnlaget vera sviktande, til dømes ved at ein stereotyp er tufta på ei uholdbar generalisering frå einskild tilfelle. Gjennomgangen ovanfor kan både ha avdekka ein hovudregel, og den kan vera utslag av ei generalisering på svik-

tande grunnlag, men kan likevel ha avdekka noko av grunnlaget for stereotypane.

For det andre kan det vera at mi lesing av tingbøkene er prega av dei stereotypen som konklusjonen er i samsvar med. Det får andre uttale seg om.

Den tredje mogelege løysinga er at sorenskrivarane alt på 1700-talet var prega av slike stereotype bilete av samar og kvenar. Den alt siterte utsegna til amtmann Kioldsen frå 1747 kan tyda på at det eksisterte slike forenkla bilete av karaktertrekka til dei to folkegruppene alt då. Dette kan ha påverka sorenskrivarane si framstilling av tingforretningane.

Til sist må det seiast er at den kvenske konfrontasjonsstrategien til medlemmane av folkegruppa som kom til Alta på byrjinga av 1700-talet, ikkje ser ut til å ha overlevd hundreåret. Issac Hendricsen, som haldt amtmann Hammer fast inntil ein vegg i 1765, var den siste kvenen som opponerte gjennom konfrontasjon. Elechias Michelsen, som protesterte mot å eta lutefisk, hogga ved og bera vatn i 1791, var sjølv nyleg innvandra før han tok teneste hos proststen. Dette kan tyda på at den kvenske opposisjonen var prega av at folkegruppa var ny i Alta, og rett og slett fyrst etter ei tid tileigna seg den framgangsmåten som gav best resultat med minst risiko og umake. Saka om handel med nordlandsfararar og Nordland i 1782 kan tyda på det.

Litteratur

Finne (1999) Helge Finne: Lagrettemennene i Vangen og Føyen tinglag - ei gransking av rekrutteringa til lagretten i perioden 1648-1720, hovudfagsoppgåve i historie ved universitetet i Bergen.
Hagen (2002) Rune Hagen: "Harmløs disenter eller djevlesk trollmann? Troll-domsprosessen mot samene anders Poulsen i 1691",

trykt i Historisk Tidsskrift bind 81.

Henninen (1972) Terje Henninen: Den kvenske innvandring til Alta på 1700-talet, hovudfagsoppgåve i historie ved universitetet i Trondheim.

Nielsen (1990) Jens Petter Nielsen: Altas historie, bind 1.

Paus (1908) Hans Paus: Sorenskriver Hans Paus's Indberetning av 1769 om

Findmarkens økonomiske tilstand med forslag om dens forbedring.

Schnitler (1985) Major Peter Schnitlers grenseeksaminasjonsprotokoller 1742-1745, bind III, utgjeve av Lars Ivar Hansen og Tom Schmidt.

Øyrehagen Sunde (1998) "Loven og Billigheden - ei juridisk særavhandling: Observasjonar av tingstrukturen og domstolspraksis på bygdetinget for Kvinnherad og Strandebarm skipreid, og birketinget for Rosendalsgodset, mellom 1706 og 1755.

Arkivalia

Statsarkivet i Tromsø (SATr)

Sorenskrivaren i Finnmark

Rettsprotokoll for Finnmark 1726-1729, L. nr. 37

Rettsprotokoll for Finnmark 1730-1731, L. nr. 39

Rettsprotokoll for Finnmark 1735-1738, L. nr. 41

Rettsprotokoll for Finnmark 1739-1747, L. nr. 43

Rettsprotokoll for Finnmark 1748-1755, L. nr. 44

Rettsprotokoll for Finnmark 1762-1768, L. nr. 46

Rettsprotokoll for Finnmark 1789-1802, L. nr. 49

Futen i Finnmark

Forhandlingsprotokoll 1778-1790, L. nr. 40

Stiftamtmanden i Finnmark

Brev ordna etter tema, L. nr. 1513, legg "En Censur" av major Peter Schnitlers grenseeksaminasjon 7. volum kalt "Findmarkens beskrivelse" forfattet etter kongelig befaling av Rasmus Kielsen, Altagård"

Skattemanntal 1762 L. nr. 2879, "Mandtal over Altens Menighed i Vest Findmarchen fra 1te Oct. 1762 til aarets Udgang"

Riksarkivet

Futearkivet

Futerekneskap for Finnmark 1750-51, pakke 4877